

NATUR OG KULTUR

Risen og Gygri



Foto: Jostein Hellevik

SETT FRÅ BANDAK kneisar Risen og Gygri trassig mot himmelen, men Gygri manglar hovud. Desse fjellformasjonane har ei segn knytt til seg. Trollfigurane Risen og Gygri budde på plassen

Juvstøyl. Ein dag Risen drog ut eit ærend, skulle Gygri vere heime og koke graut. Då Risen kom heim, fann han verken graut eller kokk. Gygri hadde reist utpå Bandaksfjellet på besøk. Risen blei sint og fór etter kona si. Han fann henne utpå høgste stupet. Det blei eit slagsmål med både hådraging og klyp og enda med at Gygri miste hovudet sitt. Risen kasta det over fjorden til Barskor etter at Gygri hadde slite manndommen av han. Sidan har dei stått der i stein, og dei er godt synlege frå både Bandak og Lårdalstigen.

KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?

FISKEØRN:

Vengespen: 145-170 cm.
Vekt: 1100-2200 gram.
Lengde: 55-60 cm.
Totalfreda sidan 1962.

Foto: Jostein Hellevik



ELG (Alces Alces):

Det største hjortedyret vårt.

Foto: A. Fjeldstad, afffoto.com

ORKIDÉEN Systemarihand (Pyramidal saxifrage) er fylkesplante for Telemark.

Foto: Jørgen Kasin

MØYSKRIV er ei djup renne med loddrette fjell på bae sider. Her ser du rett ned i Bandak 600 meter under deg. Foto: Jørgen Kasin

14 KM ÉIN VEG / DAGSTUR 6 – 8 TIMAR
KREVIJANDE / EKSPERT TUR ➔ ➔



Dalen/Lårdal – Telemark

TURMÅL Lårdalstigen

TEMA Langs Telemarkskanalen



Foto: Jørgen Kasin

DEN VAKRE BYGDA LÅRDAL kviler roleg i den solvende lia ved Bandak. Her finn du eit klima som gir frodig landskap. Bygda byr på idylliske plassar og eit koseleg bryggeområde med det gamle ferjeleiet for båtane på Telemarkskanalen. I Lårdal er det overnatting og servering.



www.vandretelemark.no
www.visitdalen.com

Ansvarleg utgivar er VTNU AS og Tokke kommune med støtte frå Vestfold Telemark Fylkeskommune.



Layout Nina Åkersveen / trykk Erik Tønde Nilsen



Foto: Jørgen Kasin

RUTEBÅTANE på Telemarkskanalen har dagleg avgang frå Lårdal Brygge.

Foto: Vandrestelemark



Om turen

KREJVANDE TUR med fantastiske utsynspunkt framme på fjellkanten langs Telemarkskanalen. Dei fleste vel å starte turen på toppen av Eidsborgberget, ovanfor Dalen, og gå mot Lårdal, men det er også mogleg å starte i Lårdal og gå motsett veg. I sommarhalvåret kan du nyte den eine vegen frå dekk på ein av dei gamle rutebåtane M/S Victoria eller M/S Henrik Ibsen på Telemarkskanalen. Ynskjer du ein kortare rundtur, kan du gå frå Støylsdalen om Kapteinsrenna til det høgste punktet på turvegen; Gløstøynuten (848 moh) og tilbake via Heddedalen.

Hytta "Heddebu" er open for turgåarar, med to senger. Ha med sovepose. Skriv gjerne ei helsing i hytteboka her! Etter hytta kjem det tøffaste og mest krevjande partiet på turvegen. Du går då veldig bratt ned mot Bandak før det ber oppover att over eit høgdedrag og så ned til vakre Lårdal. Langs turvegen får du innblikk i gammalt kulturlandskap og historiske stader, og du kan mellom anna lese segnet om Risen og Gygri og sjå fjellformasjonen som danner bakgrunnen for segnet. Her er det også ein variert flora, og geologien er spesiell. Kanskje får du også auge på fiskeørna? GOD TUR!

Køreforklaring

Om du kjem langs E-134, tek du av i Høydalsmo på Fv45/Fv450 mot Dalen. Om lag 1 km etter at du har passert Eidsborg, er det avkøyning på venstre hand (skilta "Lårdalstigen"). Frå Dalen følgjer du Fv45/Fv450 mot Høydalsmo. På toppen av Eidsborgberget, etter ca. 4 km, er det avkøyning på høgre hand (skilta "Lårdalstigen"). Parkering ved enden av grusveg (ikkje framom tunnel-inngangen). Om du vel å starte i Lårdal, kan du følgje skiltinga mot Lårdal frå Fv45/Fv450 mellom Høydalsmo og Dalen. Halvvegs nede i grenda Lårdal er det parkering på venstre sida ved Eben-Ezer.

Nyttige telefonnummer:

Dalen Turistkontor: (+47) 35 07 56 56
Tokke Taxi: (+47) 909 71 909
Booking båtbilletter
(+47) 409 20 000



Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs.
Ta omsyn til naturen og beittande dyr.
Gjer vel å ta med søppel heim. God tur!



Turkart:
Tokke 1 : 50 000

Høgaste punkt: 848 moh

NB: Hugs joggesko med gode solar, eller fjellsko, og rikeleg med vatn (minst 2-3 liter på varme dagar).



Tilgjengeleg:
mai til oktober



Målestokk 1 : 50 000

Ekvidistanse 20m



= utsiktspunkt

..... = merkt sommarløype

Kart: Tokke kommune




Foto: Synne Aasland. Bilete teke frå Gløstøynuten.